

Dato: 25.03.2021
Vår ref: Arvid Tveit

Kunngjering av planoppstart for detaljregulering for Førde Småbåthamn gbnr. 21/485 m.fl.


I medhald av Plan og bygningslova § 12-8 vert det varsla om oppstart av detaljreguleringsplan for Førde småbåthamn gbnr. 21/485 mfl. i Sunnfjord kommune. Planområdet er på om lag 29 daa.

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bobilparkering, gjestehamn, grøntareal, badestrand og naust mellom klubbhuset og eksisterande naust i vest. Dette området (ca. 150 m) er ikke opparbeidd i dag.


Planen omfattar også sjøområde i nordaust der ein ønskjer å vidareføre bruken av område til småbåthamn, og at planen skal legge til rette for mudring av sjøbotn.

Bakgrunn

Planområdet er omfatta av områdereguleringsplan for Ytre Øyrane, og er regulert til føremål naust, småbåthamn, friområde og turveg.



Gjeldande arealdel 2018-2030 for Sunnfjord kommune. Planområdet er avsett til andre typar bygg og anlegg (naust) og småbåthamn i kommuneplanen.




Gjeldande områdereguleringsplan «Ytre Øyrane», vedteken 23.11.2018. PlanID: 1432 20130001.

I gjeldande areal del til kommuneplanen og i områdeplan er planområdet avsett til naust og småbåthamn. Arealformålet for bobilparkering er «Camping» og såleis ikkje i samsvar med overordna planar. Detaljreguleringsplanen vil bli utarbeidd i samarbeid med oppdragsgjevar Førde Båtklubb. Det har vore gjennomført eit oppstartsmøte den 02. des. 2020 i samband med planarbeidet.

Planavgrensing



Oversiktskart, raud sirkel syner kvar planområdet ligg.



Kartet syner planavgrensing

Krav om planprogram/konsekvensutgreiing

Det visast til plan- og bygningslova og Forskrift om konsekvensutgreiing (FOR-2017-06-21-854).

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-2 og forskriftera §§ 6 og 8 vurderer forslagsstilla og Sunnfjord kommune at det ikkje vil vere krav om planprogram eller konsekvensutgreiing.


Detaljregulering

Området aust for klubbhuset til båtklubben er opparbeidd med veg, parkering, bubilparkering, naust, småbåthavn osv.

Førde båtklubb ønskjer å legge til rette for fleire bubilparkeringar (10 stk), gjestehamn, grøntareal, badestrand og naust mellom klubbhuset og eksisterande naust i vest. Dette området (ca. 150 m) er ikkje opparbeidd i dag.

Planen omfattar også sjøområde i nordaust der dei ønskjer å vidareføre bruken av område til småbåthamn, men at planen skal legge til rette for mudring av sjøbotn.

Det er i dag opparbeidd ein oppstillingsplass for bubar aust for klubbhuset, som er etablert etter dispensasjon.



Illustrasjon av mogleg opparbeiding av området vest for klubblokale, sett frå nord.

Oppstart

Førde båtklubb er tiltakshavar og Nordplan AS er utførande konsulent. Planforslaget skal bestå av to juridisk bindande dokument; plankart og føresegner til detaljplanen. Oppstart vert annonsert i Firda 26. mars 2021. Informasjon vert også å finne på www.sunnfjord.kommune.no og www.nordplan.no/kunngjeringar/.

Vidare saksgang og medverknad

Det er høve til å komme med innspel/merknader til varsel om planoppstart. Alle innkomne merknader vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Publikum og berørte partar har òg rett til å uttale seg om saka ved offentleg ettersyn. Når det er tid for offentleg ettersyn vil dette bli annonsert i same avis.

Særskilt viktige tema for planarbeidet er framtidig utvikling av området, flaum og infrastruktur. I tillegg vil tema som grøntstruktur, tilkomst, born og unge, utfylling i sjø, friluftsliv og risiko og sårbarheit bli omtalt i ROS-analyse og planomtale.

Frist for innsending av merknader:

Eventuelle innspel til planarbeidet kan sendast til
Nordplan AS, Pb. 224, 6771 Nordfjordeid eller på e-post til sg@nordplan.no

Frist for innspel: 27. april 2021

Spørsmål kan rettast til Nordplan AS v/ Arvid Tveit på telefon 90682753.

Med helsing
for Nordplan AS


Arvid Tveit
Arealplanleggar/ GIS-rådgjevar